



INNERTIDENDE

8. årgang nr. 1 – mars 2006

Velkomne til eit nytt skyttår!

Markane skytterlag ønskjer medlemmane velkomne til eit nytt aktivt skyttår. Vi har mange aktivitetar utover året, og på baksida finn du **Aktivitetsskalendaren** for 2006. På kalendendaren er det også ført opp kven som har ansvar for dei ulike aktivitetane. Laget skal ha to større arrangementet, Vårstemnet 12. og 13. mai, og Olsokstemnet 21. til 23. juli. Funksjonærliste vert sendt ut seinare.

Heimesidene (<http://markane.skytterlag.no>)

På heimesidene finn du siste nytt frå laget, saman med mykje anna medlemsinformasjon, historie og aktivitetar i laget. Vi oppmodar medlemmane om å nytte heimesida.

Styret

Styret i Markane skytterlag har for tida slik samansetning:

Leiar:	Jarle Tvinnereim
Nestleiar:	Paul Hatledal
Kasserar:	Andreas Solvik
Sekretær:	Marit Raftenvold
Styremedlem:	Nils Myrvang

Paul Hatledal er leiar i ungdomsutvalet.

Arne Skrede er leiar i jaktutvalet.

Gunnar Øen er leiar i skifeltutvalet.

Medlemskontingent 2006

Årsmøtet i skytterlaget har fastsett medlemskontingent for 2006 slik:

Aktiv/Jeger kr. 200,-

Støttemedlem kr. 100,-

Ungdom under 16 år kr. 50,-

Rettar og plikter i skytterlaget

Rettar:

- Gratis bruk av skytebana på oppsette treningstider
- Gratis bruk av miniatyrskytebana (for tida i Stryn)
- Subsidiar på ammunisjon
- Gratis jaktprøver

Plikter:

- Lagets medlemmar skal stille opp på arrangement i regi av laget, når dei vert sette opp
- Medlemmane pliktar også å stille opp på interne tiltak i laget, til dømes bingo og treningskveldar, når dei vert sette opp

Ta kontakt med Andreas Solvik dersom du ønskjer å bli medlem i laget! Giroar vert sendt ut til dei som var medlemmar i 2005.

Bilbingo

Bilbingoen er skytterlaget si viktigaste inntektskjelde, og medvirkande til at vi har eit flott skyteanlegg med elektroniske skiver og parkanlegg som vert nytta til mange aktivitetar.

Ei stor takk til alle dykk som søndag etter søndag stiller opp og gjer ein dugnad for skytterlaget ved å hjelpe til på bingoen..

Vedlagt er funksjonærlista for 2006.

Jubileumsbok

Årsmøtet vedtok å lage ei jubileumsbok i samband med 125-års jubileet i fjor. Det vert sett ned ei skriftnemnd som skal utarbeide innhaldet i boka. Vi har vore i kontakt med fleire, og førebels er Svein Sindre og Jon Kjøse med i nemnda.

Lagsmeisterskap miniatyr

Lagsmeisterskapen vert i Stryn kulturhus mandag 3. april. Rekruttane startar kl. 18.00, dei vaksne kl. 20.00.

Lagsmeisterskap bane

Lagsmeisterskap 100 m vert onsdag 7. juni.

Lagsmeisterskap 200 m vert fredag 9. juni.

Skytingens Dag

Skytingens Dag er 28. mai. Som vanleg vert det arrangert skyting om "Årets jeger" og "Årets jaktlag".

Påmelding

Du finn innbydingar og info om stemne på heimesida vår og www.skyting.net.

Til slutt

Skytterlaget vonar flest muleg vil kan delta på skytetreningane våre, og gjerne prøve seg på eit stemne eller fleire. Vi skulle gjerne hatt fleire aktive skyttarar i laget vårt!

Markane Skytterlag, 6763 Hornindal

E-post: markane@skytterlag.no

Formann: Jarle Tvinnereim, Ospelida 6, 6763 Hornindal

Kasserar: Andreas Solvik, 6763 Hornindal

Banetelefon: 5787 7999

Heimeside: <http://markane.skytterlag.no>

Bank: 3795 07 02401

Tlf: 5787 9000 / 909 79 336 (mob)

Tlf: 5787 9287 / 917 73 123 (mob)



Faste treningstider på Sindre skytebane:

Miniatyrskyting (Stryn kulturhus): mandag og onsdag frå kl. 18.00
 100 m elektronikk: tysdag og fredag frå kl. 18.30
 200 m elektronikk: tysdag og fredag frå kl. 18.30
 Onsdagar finkaliber 100 m frå kl.18.00 (ikkje skarp skyting)
 Måndagar disponerar idrettslaget bana frå kl. 18.00 (fotball m.m.)

Dato	Aktivitet	Tid	Ansvarleg
16. februar	Barneidrettskule, miniatyr Stryn Kulturhus	kl. 18.00	Paul / Endre
02. mars	Barneidrettskule, miniatyr Stryn Kulturhus	kl. 18.00	Paul / Endre
09. mars	Barneidrettskule, miniatyr Stryn Kulturhus	kl. 18.00	Paul / Endre
03. april	Lagsmeisterskap miniatyr Stryn Kulturhus	kl. 18.00	Jarle
20. april	Treningscup 200 m (torsdag)	kl. 18.00	Jarle
27. april	Treningscup 200 m (torsdag)	kl. 18.00	Jarle
04. mai	Treningscup 200 m (torsdag)	kl. 18.00	Jarle
09. mai	Jeger Cup elektronikk 100 m + jaktprøve	kl. 18.30	Jaktutval
12-13. mai	Vårstemne baneskyting	sjå innbyding	Jarle / Sjå eige ark
18. mai	Treningscup 200 m (torsdag) - avslutning	kl. 18.00	Jarle
21. mai	Bilbingo	kl. 18.00	Sjå eige ark
23. mai	Jeger Cup elektronikk 100 m + jaktprøve	kl. 18.30	Jaktutval
25. mai	Privat arrangement	Ettermiddag / kveld	
27. mai	Privat arrangement	Ettermiddag / kveld	
28. mai	Skytingens Dag - Årets jeger/jaktlag/jaktprøve	kl. 12.00	Jaktutvalet
28. mai	Bilbingo	kl. 18.00	Sjå eige ark
30. mai	Jeger Cup elektronikk 100 m + jaktprøve	kl. 18.30	Jaktutval
05. juni	Bilbingo (2. pinsedag)	kl. 18.00	Sjå eige ark
06. juni	Jeger Cup elektronikk 100 m + jaktprøve	kl. 18.30	Jaktutval
07. juni	Lagsmeisterskap 100 meter	kl. 18.00	Paul
09. juni	Lagsmeisterskap 200 meter	kl. 18.00	Jarle
11. juni	Bilbingo	kl. 18.00	Sjå eige ark
13. juni	Jeger Cup elektronikk 100 m + jaktprøve	kl. 18.30	Jaktutval
18. juni	Bilbingo	kl. 18.00	Sjå eige ark
20. juni	Finale Jeger Cup elektronikk 100 m	kl. 18.30	Jaktutval
25. juni	Bilbingo	kl. 18.00	Sjå eige ark
02. juli	Bilbingo	kl. 18.00	Sjå eige ark
09. juli	Bilbingo	kl. 18.00	Sjå eige ark
16. juli	Bilbingo	kl. 18.00	Sjå eige ark
21.-23. Juli	Olsokstemnet	sjå innbyding	Andreas / Sjå eige ark
23. juli	Bilbingo	kl. 18.00	Sjå eige ark
29.juli- 5.august	Landsskyttarstemnet 2006 Målselv	Påmelding til Jarle seinast 25. mai	
30. juli	Bilbingo	kl. 18.00	Sjå eige ark
04.-06. august	MC Treff		Anders Hjellbakk
06. august	Bilbingo	kl. 18.00	Sjå eige ark
13. august	Bilbingo	kl. 18.00	Sjå eige ark
15. august	Jaktprøve	kl. 18.30	Jaktutval
20. august	Bilbingo	kl. 18.00	Sjå eige ark
22. august	Jaktprøve	kl. 18.30	Jaktutval
23. august	Lagsmeisterskap skogsløp med skyting	kl. 18.00	Jarle/Paul
27. august	Bilbingo	kl. 18.00	Sjå eige ark
30. august	Barneidrettskule	kl. 18.00	Paul / Endre
02. september	Samlagstemne skogsløp m/skyting	kl. 13.00	Jarle
05. september	Jaktprøve	kl. 18.30	Jaktutval
06. august	Barneidrettskule	kl. 18.00	Paul / Endre
27. oktober	Årsmøte Sindre skytebane	kl. 19.00	Jarle